



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6/7

September/Oktober 1981

35. årg.

Nye ordningar for dåp og gravferd

I samsvar med at me har fått ny liturgi for gudstenesta i kyrkja, er det no og kome ny liturgi for dåp og gravferd. Desse nye liturgiane vil verta tekne i bruk i Vaksdal prestegjeld i oktober. Difor vil Kyrkjebladet fortelja litt om dei nye ordningane:

NYTT DÅPSRITUAL

Foreldre og fadrar tek plass i kyrkja før gudstenesta tek til. Det høver best at dei set seg på fremste benken. I kunnjeringane før kyrkjebøna nemner me kvart dåpsbarn med fullt namn, og dei vert tekne med i forbøna. Etter forbøn og offer vert dåpsbarnet bore inn i kyrkja. Ein person kan fylgja den som ber barnet. Dei set seg saman med resten av dåpsfylgjet på fremste benken, og får utdelt salmebøker. Deretter kjem inngangsord og tale av presten. Så syng alle dåpssalmen, før skriftles-

inga. Så skal foreldre og fadrar reisa seg og høyra dåps-skyldnaden, om oppgaver og plikter dei tek på seg. No seier alle fram forsakinga og truvekjenninga, før dåpsvatnet vert slege opp i døypefonten, og presten ber Bøn ved døypefonten.

Sjølve dåpshandlinga tek til med at barnet vert bore fram til døypefonten. Spørsmåla ved døypefonten er som før, men dåpsorda elles er endra: «Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. Eg signar deg med det heilage krossmerket, til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han. Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrkje deg med

sin nåde til det evige liv. Fred vere med deg.»

Dåpshandlinga sluttar med lovprising og bøn. Men dersom det ikkje er nattverd etterpå, vert dåpsborna med til gudstenesta er slutt.

NYTT GRAVFERDSRITUAL

Største endringa i gravferdsritualet er nok at det no vert *ei* fast ordning som skal fylgjast alle stader. Tidlegare har det vore stor valfridom med omsyn til tale, bøn og skriftlesing. Det er lagt vekt på at gravferda skal vera ei kyrkjeleg handling med gudstenestleg karakter. Difor er det streka under at det må synast måtehald med pynting, kransepålegging o.l. Song og musikk skal veljast i samråd med prest og organist.

Heilt nytt er det at kransepålegging skal koma før skriftlesing og tale. Skriftlesinga er delt i fire ulike grupper, der presten kan velja mellom to tre ulike skriftord i kvar gruppa. Til vanleg skal det haldast ein stutt tale. Ved grava er ordninga som før.

Rekkjefylgja etter det nye ritualet vert slik: Klokking, preludium, helsing og bøn, og eventuell kransepålegging, skriftlesing, salme, tale, bøner og salme. Kista vert boren ut under postludiet.

SKAL DET VERA MINNESTUND?

Når det gjeld samvær etter gravferda, seier ikkje dei nye føresegnene noko om det. Her står sjølv sagt dei næraste fritt. Likevel kan det vera grunn til å oppmoda folk til å tenkja over om det er mest meningsfylt å avslutta ved grava. Ei einfelt minnestund, utan stor servering, men med samling av slekt, vener og bygdafolk til samtale, song og helsingar kan

vera ei god hjelp i det som heiter sorgarbeidet. Snakk gjerne med presten om dette, slik at det ialle høve er gjennomtenkt og drøfta før det vert avgjort.

Besværet kjærlighet

Gud elsker en glad giver. 2 Kor. 9,7.

Men Gud elsker jo alle mennesker. — Han elsker deg som aldri ga han noget. Han elsker deg som ga for skams skyld, uten glede.

Hvorfor fremheve kjærligheten til den glade giver? Det har eg grunnet på, det må ligge noget bak, tenkte jeg. — Den eneste forklaring jeg kan finne, er at kjærleiken var gjensidig hos begge, men det var i Guds hjerte det begynte.

Utgangen på ett frieri står og faller med den elskede sitt svar. Blir det «ja jeg vil være din», så blir begge glad.

At den Hellige Gud beiler til oss syndere er, og blir en gåte, og han får mange avslag, det er enda rarere. Men den synder som svarer «Ja, eg vil være din», han blir både rik, og glad. Han får vera ein himmeltone klår. Ifrå Guds eige hjarta der kjærleiksklangen rår!

Her nede når vårt øyra
ett veld av mislyd vildt
men sæl kvar sjeleharpa
som vart av Herren stilt.

Men den hellige Gud er nidkjær. Han er suveren, han tåler ingen lefling med andre guder. Det forteller vår bibel på mange måter. Ingen kan tjene to herrer, sa Jesus. Men så er han trofast livet ut! og har det beste bak død og grav.

J.B.H.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrarar
Magne Steinnes
og Per Einar Sønnesyn
Johanne B. Helle
og Magne Hesjedal.
Kasserar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro 5 72 34 73.
Bankgiro 3500.50.13117.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 15,00 for året.
Eksped. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S
5610 Øystese. — Tfn. 55045

Ingvald Kallestad til minne



88 år gamal er Ingvald Kallestad gått bort. Eit aktivt liv i kristen og lokalpolitisk samanheng har dermed fått ein brå slutt. For det var som den aktive Ingvald var best kjend.

Frå han som ung fann fram til eit personleg kristent standpunkt, stod han sentralt i det kristne arbeidet heime på Stamnes. Det var ikkje

mange gudstenestene og møta han skulka unna — roturen over fjorden til trass.

Seinare kom han med i lokalpolitikken i dåverande Bruvik herad, vald inn på Kristeleg Folkeparti si liste. Men nokon parti-fanatikar vart han aldri. Det var viktigare å få gjennom saker som gagna utkarnten han representerte.

Då det skulle byggjast nytt fylkes-sjukehus i Hordaland, bidrog Ingvald Kallestad sterkt til at dette vart plassert på Voss. Merkeleg nok var det nett her han skulle somna inn.

Ingvald Kallestad var ein varm Dagen-ven, og var stolt over det. Denne avisa tilhørde (og prega) kvardagen hans i over seksti år, like til det siste.

I heimbygda var det kanhenda likevel fjordefiskaren ein identifiserte Ingvald sterkast med. Det var ikkje få laksar han var med på å turka i nota på «Skiljaneset» der han hadde det viktigaste innkomet sitt i ei årrekkje. Laksefiske var yndlingstema også då vi vitja han på gamleheimane på Dale og Vaksdal dei seinare åra. Då var han på heimebane.

Det er ikkje noko enkelt og lett-vint liv som no er over. Kampen for tilværet var mange gonger eit slit. Men ei fjelltrygg tru på eit betre liv etter dette svikta aldri hjå Ingvald Kallestad. Målet er nådd. Vi lyser fred over minnet hans.

Vener

Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

KYRKJE-NYTT

Kyrkjelydsarbeidar

Når det gjeld innsamlinga til kyrkjelydsarbeidaren vår kan me her nemna at ein idag har til rådvelde omlag 30000 kroner når ein tek med det som kom inn på postgiroinnsamlinga, lovnader og det som tidlegare sto til rådvelde for dette arbeidet. Til dei utgiftene ein reknar med til halv stilling må ein nok rekne med nærare 10000 kroner til så me vil på ny nemna postgirokonto nummer 5 33 44 20, kyrkjelydsarbeidar, 5270 Vaksdal.

Kyrkjelydsarbeidar Perly Sande Harila har kome godt i gong med arbeidet. Det er i fyrste rekkje barne og ungdomsarbeidet ho har å gjere med.

«Mi Kyrkjebok»

Alle 4-åringane vil og dette året få utdelt «Mi Kyrkjebok». Det vert ved familiegudstenester i oktober/november. Er det nokon som vert gløymd og ikkje får innbyding ver snill å meld frå til prestekontoret.

Dale Kyrkje 25 år

Dale kyrkje er den yngste av kyrkjene i Vaksdal. Ho er ikkje meir enn 25 år, men ei markering av dagen vert det likevel. Det vert sundag den 25 oktober. Det er vel dei som vil hugse at innviinga var i desember i 1956, men av pratiske grunnar har soknerådet funne å ville ha feiringa noko tidlegare. Prost Østtveit har sagt han vil vera med ved jubileumsgudstenesta om føremiddagen og om kvelden i kantina til Dale fabrikk. I veka fram til jubileumsdagen vert den årvisse aksjonsveka med ulike opplegg.

Innviing på Eidsland

Eidsland kyrkje har fått sakrestibygging og søndag den 4. okt. kl. 17.00 vert det innviingshøgtid. Det startar opp med familiegudsteneste/hausttakkefest med ulike innslag og sidan vert det matøkt som husmorlaget har teke seg av.

Inspirasjons og leiarhelg

Ungdomsleiarane i kommunen har ved ulike høve vore samla for å drøfte felles oppgåver og planar og gje kvarandre hjelp i arbeidet. Laurdag den 3. oktober vil ein samlast på Stanghelle bedehus. Ragnar og Kristin Voll Tesdal vert då med. Desse er dei nye prestefolka på Voss og mange vil nok kjenne til at Kristin har laga ein stor del av dei nye ungdomssongane som vert nytta idag. Song vil nok stå sentralt denne dagen og likeeins vil ein ta opp temaet: Korleis tala med andre om Gud. Det er ope for alle som vil vera med. Det startar opp kl. 11.00 og me reknar med at det vert avslutning kl. 16.00.

Stort jubileumsoffer

100-års jubileet til Dale Indremisjon vart ein stor oppleving på alle måtar. Aldri tidlegare har det kome inn eit så stort offer i kyrkja heller. Jubileumsofferet var på over 10000 kroner.

Kulturprisen

Kulturprisen gjekk i år til John Saav og Bjarne Thaule. Særleg hyggeleg for oss i kyrkja var det at Bjarne Thaule fekk den for sin heilhjarta innsats i sundagsskulen i alle år, som klokkar i kyrkja, sin aktivitet for misjon, song og musikk og ikkje minst for det han har hatt å seia som kristent medmenneske i sorg og glede, for folk på Dale.M. S.

Fides får kontakt med andre ungdomskor!

Ungdomsarbeidet på Vaksdal er i full gang etter ferien, og det er naturleg at dette for det meste er lagt opp rundt Ungdomskoret FIDES.

På terminlista for hausten har vi fleire ting som vi håpar vil vera til glede og inspirasjon for dei unge. Dersom det går i orden vil Vaksdal få besøk av to kor frå Nordhordland distriktet. Det fyrste blir REFLEKS frå Knarvik og litt seinare HELGALJOD frå Austrheim. Men dette er i skrivande stund ikkje heilt avklara. Derimot er det sikkert at vi i november skal til Bergen på Ten-Sing Festival. Hovudarrangementet laurdag 14. november vert i Grieghallen og er ope for ålmenta. Eit av hovudinnslaga her blir eit stort felleskor på fleire hundre ungdomar. Men om dette vil det koma plakatar og annonser i dagspressa.

Lokalt reknar vi med å ha nokre tilstellingar saman med Ten Sing på Dale, og gjerne ungdomskoret på Stamnes.

For at vi skal kunne drive dette ungdomsarbeidet er vi avhengige av DI støtte, fyrst og fremst når det gjeld å be for arbeidet. Vil du hjelpe oss med det?

TB

Misjonshøgskulen kallar på innsats

Så langt har aksjonen for utbygginga av ny misjonshøgskule i Stavan-ger fått stor og gledeleg respons, men framleis trengs det ihuga inn-

sats skal prosjektet kunna realiserast etter planen. Ikkje minst vil det i tida frametter verta spørsmål om innsats og offervilje rundt om i kyrkjelydane. Det er skipa eigne aksjonsutval i dei fleste kyrkjelydane, og dei skal mellom anna stå for innsamling av midlar til byggjefondet for den nye misjonshøgskulen.

Biskopen i Bjørgvin, Thor With, seier i ein uttale at no lyt me alle taka eit kraftig løft og gje Misjonshøgskulen dei arbeidevilkår som både lærarane og misjonsstudentane våre så sårt treng til. Me må reisa høgskulen sine bygningar slik at utsendingane våre kan få den best moglege start for den viktige tenesta. Det er kyrkja sitt misjonsoppdrag dei tar på seg, og difor må me alle vera med og bera oppgåva i lag med dei, seier biskop With.

Utbyggjinga av Misjonshøgskulen vil kosta kring 50 millionar kroner. Av denne summen vonar ein å få inn 35 mill. kr. gjennom friviljuge gaver og ymse innsamlingstiltak. I 1980 kom heile 82 pst. av innsamlingssummen ved skattefrie gaver, dette er god måte å ordna gjevartenesta på.

Innsamlingsaksjonen er tenkt avslutta i 1985, difor må det samlast inn 7 mill. kr. kvart år i aksjonstida. Bergen krins har som årleg innsamlingsmål 735.000 kr.

I dag gjev Gud oss stadig nye flokkar av unge kvinner og menn med misjonærkall. Vårt ansvar er å ta imot dei og utrusta dei til teneste på fullgod vis. Difor vonar ein på framleis god oppslutnad om innsamlinga til Misjonshøgskulen, og at aksjonsutvala rundt om i kyrkjelydane vert tekne vel imot. På dette viset

kan ein få misjonsvisjonen inn i kyrkjelydsarbeidet på ein aktuell og utfordrande måte.

Gåver kan sendast til:
MISJONSHØGSKOLEN, Misjonsveien 34, 4000 Stavanger. Postgironr.: 3 33 22 69, Bonkgironr.: 8501.20.92011

Ynskjer ein verta fast gjevar, kan ein venda seg til: NMS krinskontor, Ø. Korskirealm. 9, 5000 Bergen, så vil ein få det ordna.

Lokal tilskipping for *Misjons- høgskolen* vert i Dale Kyrkje den 21. okt. To Misjonsstudentar vert då med og Mannskoret har lova å syngje.

DØYPTE

VAKSDAL:

Andre Knutsen, 8.6.
Endre Herfindal Magnussen, 12.7. i Bergsdalen.
Cecilia Hisdal, 7.6. i Årland k.
Therese Fanebust, 19.7.
Elisabeth Hansen, 19.7.
Jan Petter Farestveit, 19.7.
Øystein Langhelle, 19.7.
Øystein Olav Toft, 19.7.
Thor Arne Maridal, 23.8.
Anders Magnussen, 23.8.
Kim Andre Njaastad, 23.8.

DALE:

Britt Engja Eidissen, 7.6.
Rebecca Marie Nielsen, 14.6.
Synnøve Lie Johannesen, 30.8.
Morten Søvik Johnsen, 20.9.
Thomas Søvik Johnsen, 20.9.

STAMNES:

Espen Vatle Brentzen, 2.8.
Renathè Vik, 7.6.
Siren Lilletvedt, 2.8.

Malin Mølster Aas, 16.8. i Eidslandet.
Solbjørg Vassenden, 30.8.

VIGDE

VAKSDAL:

Jorunn Erdal og Johnny Langhelle, 6.6.
Perly Sande og Osvald Arngeir Harila, 13.6.
Irmelin Alfheim og Helge Stavenes, 18.7. i St. Markus, Bergen.
Marit Knutsen og Lars Borge, 8.8.
Sigrunn Marie Farestveit og Odd Hisdal, 15.8.

DALE:

Jørgen Danielsen og Anne Berit Midtbø, 23.5. i Voss.
Tore Tveit og Gerd Elin Berg, 6.6.
Øistein Nielsen og Kari Standal, 23.5. i Årstad.
Charles Lunde og Brita Hesjedal, 27.6.
Gisle Qvale og Heidi Hatlestad, 4.7.
Arnold Nils Olsnes og Lise Irene Simmenes, 11.7.
Johannes Hagebø og Målfrid Oterholm, 8.8. i Grytten.
Arne Rørvik og Siri Hvidsten, 29.8.
John Ådland og Solveig Meland, 18.9.

STAMNES:

Roger Simmenes og Tove Karin Gjøsaeter, 4.7. i Gjerstad.

FLATEKVAL:

Nils Rune Brekktus og Sonja Bolstad, 20.6.

AVLIDNE

VAKSDAL:

Anna O. Sæterdal, f. 1886, d. 7.7.81.
Anna Sofie Løtvedt, f. 1898, d. 28.8.81.

DALE:

Helge Furnes, d. 27.5. f. 1898.

HUGS BLADPENGANE

FAST KONTORTID PÅ PRESTEKONTORET

Dale: Onsdag kl. 10.00 — 11.30
Fredag kl. 16.30 — 18.00
Telefon 396120

Vaksdal: Onsdag kl. 10.00 — 11.00
Telefon 397088

Elles etter avtale.

Mandag er prestens fridag.

Når det gjeld vigslar og gravferder, har prestane kvar si tenesteveke, så langt som råd er.

Bjarne Rønhovde, d. 27.6. f. 1899.
Ludvig Martin Fotland, d. 31.7. f. 1899.
Håkon Vågen, d. 28.7. f. 1924
Peder N. Boge, d. 6.8. f. 1910
Nils H. Stanghelle, d. 8.8. f. 1910.
Randolf Dankertsen, d. 27.8. f. 1915.
Gudrun Guldberg, d. 25.5. f. 1902.
Bertha Norum, d. 11.6. f. 1922.
Johanna Helle, d. 17.6. f. 1897.
Jenny Høvsjedal, d. 7.8. f. 1901.
Kamilla Stanghelle, d. 24.8. f. 1981.
Inga Mork Hesjedal, d. 31.8. f. 1916.

STANGHELLE:

Magnus Eikemo, d. 19.5. f. 1899.
Johannes Kalvik, d. 6.7. f. 1898.
Ingvald Kallestad, d. 21.7. f. 1893.

Velkomen til kyrkje

Søndag 4. okt. 17. s. e. pinse

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Res. kap. Sønnesyn. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 17.00. Familie- gudsteneste/hausttakkefest ved res. kap. Sønnesyn. Utdeling av «Mi Kyrkjebok». I samband med innviing av sakrestibbygg.

Søndag 11. okt. 18. s. e. pinse:

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudstene- ste ved sokneprest Steinnes. Song av barnekoret. Utdeling av «Mi Kyrkjebok». Of- fer til IKO.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 11.00. Familie- gudsteneste ved res. kap. Sønnesyn. Offer til Fagertun leirstad. Utdeling av «Mi Kyrkjebok.»

Søndag 18. okt. 19. s. e. pinse:

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familieguds- teneste ved res. kap. Sønnesyn. Song av ungdomskoret Helgarljod. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Dronnings Mauds Minne.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familieguds- teneste ved sokneprest Steinnes. Song av Ungdomskoret. Utdeling av «Mi Kyrkje- bok». Offer til Santalmisjonen.

Søndag 25. okt. Bots- og bededag:

DALE KYRKJE kl. 11.00. Jubileumsguds- teneste. Dale kyrkje 25 år. Prost Østtveit talar. Lokale prestar. Song. Offer. Kl. 17.00. Jubileumsfest.

Søndag 1. nov. Helgemessesøndag:

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Misjonsprest Otto Torvik. Offer til Norsk Muhamme- danermisjon.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familie- gudsteneste ved sokneprest Steinnes. Ung- domskoret Refleks vert med. Utdeling av «Mi Kyrkjebok». Offer til IKO.

NESHEIM KYRKJE kl. 17.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Søndag 8. nov. 22. s. e. pinse:

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Res. kap Sønnesyn. Nattverd. Offer til Bjørgvin Stiftssenter.

DALE KYRKJE kl. 19.00. Res. kap. Sønne- syn. Nattverd. Offer til soknerådsarbeidet. *Endringar i preikelista — sjå Vaksdalnytt.*

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, tlf. 396321	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag ..	08.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, tlf. 397215		
Tysdag, onsdag og fredag	08.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, tlf. 398015		
Måndag	09.30	14.30

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING
Dalekvam**

**VAKSDAL KOOP.
HANDELSLAG
5270 Vaksdal**

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{2}$

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER**

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{2}$

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTA

**Arthur og Arne Vaksdal
KVIKKBAR**

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverer
Strikke- jakker og gensere